

Vedlegg 14



OSTERØY KOMMUNE
Plan
Plan

NOTAT

Til:

Odd Ivar Øvregård St. Olavsvei 167 5063 BERGEN

Frå:

May Britt Nesje Hernes

Dok.dato: 20.03.2012

Ref: 07/2200-12 12/4933

AVSLUTTA REGULERINGSSAK - VEVLETVEIT GNR 6, BNR 1

31.10.2007 vart det gjeve løyve til oppstart av reguleringsarbeid for Vevletveit, gnr. 6, bnr. 1. Føremålet med planarbeidet var luf og område for steinbrot og masseuttak. Det vart varsla oppstart 30.08.08 og frist til å kome med merknader vart sett til 31.10.08. Etter dette kan ein ikkje sjå at det har vore framdrift i planarbeidet. Kommunen har heller ikkje motteke gebyr.

For kommunen er det viktig at dette området vert ivaretatt. Landbruk tok difor initiativ til eit internt møte i kommunen der rådmann, plan og miljø og teknikk deltok. På møtet vart ein sams i at plan skulle sende ut eit brev der det vart etterspurd attendemelding på framdrift. Dersom ein ikkje mottok attendemelding skulle bruken av området fylgjast opp vidare etter det løyve som har vært gjeve. Brevet vart sendt rekommandert og frist for å kome med attendemelding vart satt til 23 februar 2012. Vidare stod det at dersom kommunen ikkje mottek attendemelding innan fristen vil kommunen fylgje opp arealbruken for området og tiltak på staden.

Plan har ikkje motteke nokon attendemelding reguleringssaka vert dermed avslutta. Tiltaket og arealbruken på området vil fylgjast opp vidare av Miljø og Teknikk etter det løyve tiltakshavar har fått frå Fylkeslandbruksstyret. Dersom det skal nyttast anna areal er det krav om regulering av området. Tatt i betraktning tida som er gått, endringar i lovverk og mangel på innbetaling av gebyr vil då det vere naturleg med ein ny oppstart.

Dette til orientering

May Britt Hernes